



Irene Mariussen og Trond Sverre Myrtveit

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/299 - 14/6609

Saksbehandlar:

Helge Vallestad

helge.vallestad@radoy.kommune.no

Dato:

17.06.2014

Gjeld søknad om gratis skuleskyss 2014 - 2015

Viser til søknaden Dykkar om at Anna Myrtveit, f. 11.02.06, får fri skyss frå heimen til Manger skule, grunna særleg farleg skuleveg.

Hovudutval for oppvekst og omsorg handsama i sak 09/00 spørsmålet om rett til fri skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg, og slutta seg til innstillinga frå ei nemnd som hadde vurdert skulevegane i dei ulike krinsane i lys av opplæringslova § 7. Tilrådinga vart seinare vedteken av kommunestyret. Nemnda si vurdering var at den omtalte vegstrekninga ikkje var særleg farleg. Eit moment i denne vurdering var at fylkesmannen ikkje hadde gjeve søkjarane medhald i at dei hadde særleg farleg skuleveg i ei sak som gjaldt barneskuleelevar frå Tveiten med skuleveg til Manger.

Rådmannen sitt vedtak:

Store delar av vegnettet i Radøy er i ei slik forfatning at det kan opplevast som farleg å ferdast der. Det er likevel slik at Stortinget har sett som vilkår for å få innvilga fri skyss at skulevegen er særleg farleg.

Rådmannen har ikkje grunnlag for å gjera andre vurderingar av saka enn dei nemnda gjorde våren 2000.

Søkjar får såleis avslag på søknad om fri skyss.

Ankerett:

Enkeltvedtak om skuleskyss kan påklagast til Fylkesmannen (Opplæringslova, §15.2).

Eventuell klage må sendast Radøy kommune v/ Rådgjevar skule og oppvekst Helge Vallestad innan 3 veker frå De får dette brevet. (Fristen er i samsvar med Forvaltningslova. § 29)

Med helsing

Helge Vallestad
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Irene Mariussen og Trond Sverre
Myrtveit